



Gjermund Fredheim og Harald Kvasnes spelar i kyrkja i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Ein uskedeling deltek i Kvinnherad Kulturfestival på Husnes til helga – det er Gjermund Fredheim. Han er den eine halvparten av fredheimkvasnesduo som spelar klassisk gitar, den andre er sunnmøringen Harald Kvasnes. Konserten inngår i ein liten turne,**

Dei vart ein duo i 2005. og har halde fleire konsertar i Kvinnherad, til dømes i Uskedalskyrkja, Duoen lovar eit variert og rytmisk program på Dr. Munk laurdag ettermiddag – i hovudsak vil dei spela musikk av spanske og søramerikanske komponistar. Både Gjermund og Harald studerer til mastergrad i klassisk gitar ved Griegakademiet i Bergen.

Fredheim fekk Kvinnherad kommune sitt kulturstipend for 2007 saman med kunstnaren Cato Løland. I 2004 vann han førstepris i Ungdommens musikkmeisterskap i Oslo. Den svært lovande gitaristen opptre ofte i kammermusikalske samanhengar, mellom anna med songarar, fiolinistar og fløytistar. Men han er heller ikkje framand for å spela rock og har gjort det i fleire band i Bergen.

Kulturfestivalen startar torsdag , men allereie før opninga på biblioteket har det vore temamøte om kultur og næring på den vidaregåanden skulen. Dit kjem mellom andre humørbonden Geir Styve.

Fredag er det regional kulturkonferanse og der er det framleis ledige plassar, Temaet er kulturelt mangfald. Dikt for barn og ungdom på bilblioteket og musikkteateret "Our day out" står også på programmet denne dagen om kvelden er det litterære og musikalske stopp i fleire land på Dr. Munk.

Litteraturseminaret på Undarheim gard laurdag varar i fem timar og her er ikkje minst festivalforfattar Per Olav Kaldestad i forgrunnen. Dette er også den store frivilligdagen på Senteret og fleirkulturell lunsj, gateteater, jazz og rock er andre programpostar.

Av Ola Matti Mathisen